



Meland kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7628 - 16/30516

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:  
03.11.2016

## Nytt regionalt hamneselskap – godkjenning av vedtekter

Vedlagt følgjer vedtak i Kommunestyret – 27. oktober 2016.

Med helsing  
Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Askøy kommune, Austrheim kommune, Bergen kommune, Fedje kommune, Fjell kommune, Meland kommune, Os kommune, Radøy kommune, Sund kommune, Øygarden kommune



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
128/16	Formannskapet	PS	20.10.2016
083/16	Kommunestyret	PS	27.10.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7628

## Nytt regionalt hamneselskap – godkjenning av vedtekter

### Vedlegg :

Vedlegg 1\_Vedtekter havneselskapet ASVedlegg 2\_Signert Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og...

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune godkjenner vedtektene for nytt regionalt hamneselskap, slik dei er lagt fram i saka.
2. Lindås kommune vel (namn) som kommunen sin representant til styret i selskapet.
3. Ordførar stiller som kommunen sin representant på stiftingsmøtet.

### Formannskapet - 128/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner vedtektene for nytt regionalt hamneselskap, slik dei er lagt fram i saka.
2. Lindås kommune vel (namn) som kommunen sin representant til styret i selskapet.
3. Ordførar stiller som kommunen sin representant på stiftingsmøtet.

### Kommunestyret - 083/16

#### KO - behandling:

**Framlegg frå Valnemnda:** Astrid Aarhus Byrknes, vara: Nina Bognøy

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KO - vedtak:**

1. Lindås kommune godkjenner vedtektene for nytt regionalt hamneselskap, slik dei er lagt fram i saka.
2. Lindås kommune vel Astrid Aarhus Byrknes (med vara Nina Bognøy) som kommunen sin representant til styret i selskapet.
3. Ordførar stiller som kommunen sin representant på stiftingsmøtet.

**Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn:**

15. september 2016 godkjente kommunestyret i Lindås intensjonsavtalen om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen (BOH) og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid. Intensjonsavtalen dannar grunnlaget for å etablere eit nytt regionalt hamneselskap med dei same 11 kommunane som har vore ein del av BOH. Intensjonsavtalen blei underteikna 17. juni 2016 og har vore til politisk handsaming i alle kommunane i løpet av september 2016. Planen er å etablere eit nytt selskap innan 01.01.2017.

I vedtaket frå 15. september står det at endelege vedtekter skal til godkjenning i kommunestyret, og denne saka gjeld godkjenning av vedtektene for nytt hamneselskap. Framlegg til vedtekter for det nye selskapet er utarbeidd parallelt med intensjonsavtalen. Vedtektene vart ikkje drøfta og underskrive på same måte som intensjonsavtalen, men mykje av teksten i vedtektsframlegget er likevel lagt til grunn for teksten i intensjonsavtalen. Alle dei andre 10 kommunane har per 10. oktober 2016 godkjent framlegget til vedtekter for den nye hamneselskapet.

**Styrerepresentasjon og valkomitee i nytt hamneselskap**

I prosessen med utarbeide vedtekter er det også sett på kva prinsipp som skal gjelde for verv og representasjon for A-aksjane i hamneselskapet. Det er lagt opp til to aksjeklassar i det nye selskapet. Bergen kommune eig B-aksjane og dei andre kommunane eig A-aksjane. Det er 4 styreplassar per aksjeklasse. Den administrative arbeidsgruppa har sett på fleire ulike modellar. For Lindås kommune har det vore viktig å ha ein modell som sikrar kommunen ein plass i styret og det blei føreslått følgjande modell:

- Lindås/Fjell/Øygarden – 3 styremedlemmar (70% av A-aksjane)
- Askøy/Os/Radøy/Meland/Fedje og Austrheim – 1 styremedlem (30% av A-aksjane)

Denne modellen blei også lagt til grunn i bystyresaka i Bergen kommune då intensjonsavtalen for det nye hamneselskapet var til politisk handsaming.

I tillegg er det sett på ein modell for valkomitee for det nye selskapet som støttar aksjelova. I første omgang blei det drøfta ein valkomitee for berre A-aksjane, men i det vidare arbeidet blei lagt til grunn eit forslag for ein valkomitee for heile selskapet (Begge aksjeklassar). Det er foreslått følgjande struktur for valkomiteen:

- Det vert etablert ein felles førebuande valkomitee for hamneelskapet.
- Valkomiteen skal ha til saman 6 medlemmer,- 3 frå Bergen og 3 frå omegnskommunane.
- Ein av medlemmene i valkomiteen skal veljast frå nord (Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje), ein frå vest (Sund, Fjell og Øygarden), og ein frå midtre (Os og Askøy).
- Valkomiteen skal samarbeida om å tilrå medlemmar til styret frå begge aksjeklassar. Jf. intensjonsavtalen og framlegg til vedtekter for hamneselskapet.
- Komiteen skal føreslå møteleiar for generalforsamlinga, og likeins framlegg til leiar for styret. I samsvar med intensjonsavtalen og vedtektene skal møteleiaren i generalforsamlinga representere A-aksjane, medan styreleiar skal representere B-aksjane.
- Valkomiteen skal ha særleg merksemd på breidda i kompetansen i styret, og aksjeloven sine føresetnader om kjønnsmessig balanse.

### **Vurdering:**

Vedtektene er det formelle og juridiske grunnlaget for å stifte eit selskap, og det er viktig at vedtektene beskriv på ein god og tydelig måte korleis selskapet skal styrast og utviklast. Framlegget til vedteker for det nye hamneselskapet var grunnlaget for nokre av dei elementa og formuleringane som blei lagt inn i intensjonsavtalen. Ettersom fleire av paragrafane har same ordlyd som intensjonsavtalen, vil ikkje rådmannen gå konkret inn på kvar enkelt paragraf. Det er likevel nokre forhold som er viktig å presisere og kommentere.

### **Styrerepresentasjon og valkomiteen si rolle**

For Lindås kommune har det i prosessen vore viktig å sikre ein styreplass i det nye selskapet. Dette blei avklart gjennom dialog med dei andre eigarane i arbeidet med intensjonsavtale og vedtekter. Modellen som blei lagt til grunn var at kommunane Lindås, Fjell og Øygarden skulle ha ein styrerepresentant kvar i det nye selskapet. Dette er dei største eigarane av A-aksjar med til saman 70% av aksjane. I framlegg til vedtekter, som har vore til handsaming i dei andre kommunane, er ikkje dette presisert tydeleg nok. Det er derfor utarbeidd eit forslag til nye vedtekter som presiserer dette med styreplass til Lindås, Øygarden og Fjell, og det er framlegg til nye vedtekter som ligg ved denne saka og skal til politisk godkjenning. Det er lagt inn ei ny formuleringa i § 8 som presiserer dette med val av styremedlem:

*Blant styremedlemmene som skal velges av Aksjeklasse A har kommunene Lindås, Fjell og Øygarden rett til å utpeke ett styremedlem hver, forutsatt at kommunene er aksjeeiere i selskapet. Blant styremedlemmene som skal velges av Aksjeklasse A har kommunene Sund, Askøy, Os, Radøy, Meland, Fedje og Austrheim i fellesskap rett til å utpeke ett styremedlem, forutsatt at kommunene er aksjeeiere i selskapet.*

I forslaget til valkomitee er det sagt at valkomiteen skal samarbeida om å tilrå medlemmar til styret frå begge aksjeklassar. Dette vil ikkje vere aktuelt med den formuleringa som er lagt inn i § 8. Lindås, Fjell og Øygarden vil ha rett til sjølv å peike ut kvart sitt styremedlem. Her kan selskapet legge til grunn § 6-3 i aksjelova som opnar for at generalforsamlinga si valrett til å velje styremedlemmar kan overførast til andre. Kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje må også i fellesskap velje ein kandidat til valkomiteen.

### **Innløsning og oppløsning (§ 11)**

Ved oppløsning av BOH (dagens hamneselskap) blir Mongstad kai skilt ut i eit eige aksjeselskap, Mongstad Kai AS. Lindås kommune har 65% eigarskap i dette selskapet, det nye hamneselskapet eig 35% av aksjane. Under § 11 i framlegg til vedtekter står det at deltakarar kan tre ut av hamneselskapet med 6 månaders skriftlig varsel. I tillegg står det at ved oppløsning av selskapet, har den enkelte deltakar rett til å kjøpe kaianlegg og anna fast infrastruktur, som ligg i deltakar sin kommune. Kjøpet skal takast til marknadspris.

I vedtektene er det berre presisert kva som skjer med kaianlegg og anna fast infrastruktur ved oppløsning av selskapet, då vil Lindås kommune kunne kjøpe ut Mongstad kai AS til marknadspris. Men det er ikkje klarlagt kva som skjer med Mongstad kai AS om Lindås kommune skulle vurdere å tre ut av hamneselskapet. Dette bør sjølvstund bli presisert inn i vedtektene for Mongstad kai AS, men det er likevel viktig å klarlegge vedtektene til det nye hamneselskapet om kva som vil skje med Mongstad Kai AS om Lindås vel å tre ut. Det er desse vedtektene som er styrande for kva hamneselskapet vil gjere. Lindås har vore i dialog med Bergen kommune om korleis ein skal løyse dette punktet med utreden frå selskapet og kjøp av Mongstad Kai, og det er semje om å få dette presisert i vedtektene til Mongstad Kai AS. Rådmannen meiner likevel det er viktig å få inn ei formulering i stiftingsdokumenta for det nye hamneselskapet, som sikrar at det er ein link mellom styringsdokumenta i hamneselskapet og vedtektene i Mongstad Kai AS.

### **Oppsummering:**

Lindås kommune har godkjent intensjonsavtalen som legg til grunn eit regionalt hamnesamarbeid med 10 andre kommunar. Det er viktig for Lindås å kunne ta ei aktiv rolle i det nye selskapet og i prosessen med intensjonsavtalen blei det presisert at Lindås kommune, som største eigar av A-aksjar, skal vere sikra ein fast styreplass. Dette er no presisert i dei nye vedtektene som ligg til grunn for saka og rådmannen rår til at vedtektene blir godkjent. I tillegg er det viktig å presisere kva som vil skje med Mongstad Kai AS om Lindås kommune ønskjer å tre ut av hamneselskapet, dette bør vere ei formulering ein får inn i stiftingsdokumenta for hamneselskapet.